



DEN NORSKE KYRKJA

Alversund sokneråd

Postboks 228, 5903 ISDALSTØ

Lindås kommune

Knarvik, 22. mai 2018

STØTTE TIL SOMMAROPEN KYRKJE I KNARVIK

Knarvik kyrkje har blitt ein turistattraksjon i Nordhordland. Stadig kjem det interesserte til kyrkja for å ta bygget nærare i augesyn. Særskilt personar som har interesse for arkitektur søker til Knarvik.

I 2017 var kyrkja open for turistar to timar fem dagar i veka. Det var frivillige som var turistvertar. Alversund sokneråd søker også for komande sommar å få frivillige til å vere turistvertar.

For sommaren 2019 vil Alversund sokneråd søkje Lindås kommune om økonomisk støtte for å gje sommarjobb til ungdommar som kan vere turistvertar. I fall kan det vere aktuelt at ein eller to ungdommar mellom 16 og 18 år held kyrka open på kvardagane. Annankvar sundag i sommarvekene vil kyrkja vere open fordi det er gudsteneste.

Tarifføløn for ungdommar på 16 og 17 år i Kirkelig arbeidsgiverorganisasjon er om lag kr 125. Samla utgifter pr måned inkl arbeidsgjevaravgift m.m vil vere kr 7000 for kvar time ein tilsett er til stades gjennom åtte veker. Eit ønske kunne vore å ha kyrkja open 3-4 timar pr dag. Med eit tilskott på kr 60 000 vil kyrkja kunne engasjere to personar kvar dag i sommarvekene.

Talet på besøkande er ikkje stort nok til at det vil vere aktuelt med inngangsavgift for å sjå på kyrkja. Det vil truleg gjere at fleire vil nøye seg med å sjå kyrkja frå utsida.

Ungdommane vil få nødvendig opplæring. Det vil alltid vere tilsette i kyrkjelyden på arbeid gjennom sommarvekene, og desse vil kunne følgje opp ungdommane.

Venleg helsing

Geir Øy
Sokneprest